

# Høyr kor englar syng frå sky

Høyr kor englar syng frå sky. Krist er fødd i David's by  
Kjem med frelse til oss ned, gir oss med Gud Fader fred  
Glade alle folk stig fram, for å hylle det Guds lam  
Kom ver me di dette kor, som nå toner over jord  
Syng med englar høgt i sky. Krist er fødd i David's by

Krist av englar ære får. Krist er evig Herren vår  
Han som har Gud sjølv til far, kom då tida mogen var  
Kledde seg i kjøt og blod, nådig mellom oss han stod  
Han er frelas trygge fjell, Jesus vår Immanuel  
Syng med englar høgt i sky. Krist er fødd i David's by

Syng ein song til Herrens pris. Lovsyng han på englars vis  
Rettferdssol vår frelsegrunn, pris skal ha frå kvar ein munn  
Fødd til frelse og til fred. Døden har han kjempa ned.  
Fødd til liv for syndig mann. Vi skal oppstå slik som han.  
Syng med englar høgt i sky. Krist er fødd i David's by